



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Meld. St. 24

(2014–2015)

Melding til Stortinget

Rammevilkår for lokalradio i samband med digitaliseringa av radiomediet

*Tilråding frå Kulturdepartementet 17. april 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing, bakgrunn og samandrag

1.1 Digitalradiomeldinga

I digitalradiomeldinga, Meld. St. 8 (2010–2011) Digitalisering av radiomediet, vart det stilt opp kriterium for å digitalisere det riksdekkjande radio-nettet i 2017 eller 2019. Eit breitt stortingsfleirtal slutta seg i 2011 til kriteria og til opplegget for digitaliseringa av radiosektoren. Regjeringa har vedteke at kriteria for å digitalisere det riksdekkjande radionettet frå 2017 er oppfylte. Dette inneber at FM-sendingane frå dei riksdekkjande radioaktørane Radio Norge, P4 og NRK kan slutte etter ein regionvis plan i løpet av 2017.

I digitalradiomeldinga vart det føresett at dei fleste og minste lokalradioaktørane vil kunne få høve til å halde fram å sende på FM, men at større, kommersielle lokalradioar gjer teknologiskiftet samtidig med Radio Norge og P4:

«Samstundes må det vektleggjast at omsynet til like konkurransevilkår tilseier at større, kommersielle lokalradioar blir behandla likt med riksdekkjande kommersielle radioar som P4 og Radio Norge. Truleg opererer dei største kommersielle lokalradioane i nokon grad på same marknad som Radio Norge og P4, det vil seie at dei konkurrerer om dei same annonseinntektene. Styresmaktene bør derfor syte for

at desse aktørane får mest mogleg like og rettferdige konkurransevilkår. Etter departementets syn vil det derfor ikkje vere forsvarleg å avvikle dei riksdekkjande FM-sendingane utan at dei største lokalradioane også blir digitaliserte.»

I staden for å konkretisere nærare kva for kategoriar av lokalradioar som skal ha høve til å halde fram på FM, la digitalradiomeldinga opp til at departementet skal leggje fram saka for Stortinget i 2015. Meldinga la vidare opp til at departementet i 2015 skulle kome tilbake til Stortinget med eit opplegg for å leggje til rette for mindre lokalradioar i Lokalradioblokka i DAB-nettet.

1.2 Allmenn høyring

I samsvar med opplegget i digitalradiomeldinga gav departementet 13. mai 2014 Medietilsynet eit oppdrag om å kartleggje konkurransetilhøva i lokalradiomarknaden og utarbeide eit forslag om kva for lokalradioar som bør få høve til å halde fram på FM, og kva for lokalradioar som må avvikle FM-sendingane sine samtidig med digitaliseringa av det riksdekkjande radio-nettet. Medietilsynet vart også bede om, i samarbeid med Post- og teletilsynet (no Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit – Nkom), å utarbeide eit forslag til overordna modell for tildeling av anleggskonsesjonar

og frekvensløyve i Lokalradioblokka i DAB-nettet for perioden fra 2017. Vidare omfatta oppdraget å utarbeide eit konkret opplegg for lokalradioar som ønskjer å sende i Lokalradioblokka i DAB-nettet.

Den 15. september 2014 leverte Medietilsynet utgreiinga si til departementet. Utgreiinga saman med eit høyringsbrev frå departementet vart den 5. november 2014 sende på allmenn høyring til eit breitt utval av høyringsinstansar, inkludert alle lokalradiokonsesjonærar. Høyringsfristen var 15. januar 2015.

1.3 Oversikt over lokalradiosektoren i dag

1.3.1 Lokalradioar på FM

I lokalradiosektoren er det tre ulike konsesjonstypar for analog FM-radio:

- 24/7-radio som sender døgntinuerleg kommersiell radio
- allmennradio som har rett til å sende kommersiell radio minst 12 timar per dag
- nisjeradio som sender ikkje-kommersiell radio og må dele sendetida med andre

Dei kommersielle konsesjonane vart tildelte etter ein skjønnheitskonkurrans der aktørane blant anna baud på leveransar av lokalt innhald rekna i minutt. Boda vart sette som individuelle konsesjonsvilkår ved tildelinga. Konsesjonane varar i sju år frå 1. januar 2010 til 31. desember 2016. Utløpet av konsesjonane samsvarar såleis med første moglege tidspunkt for digitalisering i samsvar med digitalradiomeldinga. Landet er delt inn i 141 konsesjonsområde. I følge Medietilsynet er det i dag ca. 238 konsesjonærar, av dei er 110 kommersielle kanalar (24/7- eller allmennradioar). Sidan 2011 har det ifølgje Medietilsynet vore ein viss nedgang i interessa for å søkje om eller overføre kommersielle lokalradiokonsesjonar på FM. For dei ikkje-kommersielle aktørane har interessa vore relativt stabil.

1.3.2 Lokalradioar på DAB

DAB-nettet består av ei regionblokk som NRK disponerer, éi til to riksbløkker for kommersiell radio, i tillegg til Lokalradioblokka reservert for lokalradio. Det er opna for prøvedrift i Lokalradioblokka fram til 31. desember 2016. Lokalradioblokka er delt inn i 37 regionar som gjennomgåande er større enn konsesjonsområda for analog radio. I dag er det prøvesendingar i fire regionar (Region 1 Østfold, Region 3 Akershus, Region 4

Solør/Hedmarken og Region 17 Haugaland). I tillegg er det ifølgje Digitalradio Norge sendingar i Region 19 Nordhordland, som blant anna omfatar Bergen frå 15. april 2015. Digitalradio Norge har opplyst at selskapet nyttar Riksblokk II i Trondheimsområdet for å leggje til rette for lokalradiosendingar på DAB frå 15. april 2015. I Region 26 Sør-Trøndelag har 21st Venture anleggskonsesjon i dag, men har førebels ikkje lagt til rette for DAB-sendingar. Ifølgje Medietilsynets kanaloversikt var det 35 lokalradioar som per januar 2015 sende i Lokalradioblokka.

1.3.3 Lokalradioar på andre digitale plattformer

Digitalradiomeldinga legg opp til ein aktørstyrt prosess. Det sentrale for styresmaktene har vore å leggje til rette for digitalisering ved å stille opp kriterium for teknologiskiftet, ikkje å velje ein bestemt digitalradioteknologi. I tråd med dette baserer ikkje dei riksdekkjande aktørane seg berre på DAB som distribusjonsplattform for digitalradio, men nyttar fleire distribusjonsplattformer. Ifølgje innrapporterte opplysningar frå kringkastarane hos Medietilsynet blir om lag 45 lokalradioar distribuerte over Internett.

1.4 Samandrag

I kapittel 2 gjer departementet greie for kva lokalradiokonsesjonar som ikkje skal forlengjast eller lysast ut på nytt når konsesjonsperioden går ut 31. desember 2016. Kapittelet inneheld Medietilsynets forslag, høyringsinstansanes synspunkt og departementets vurderingar og konklusjon. Departementet meiner at alle kommersielle lokalradiokonsesjonar med dekning av betydning i dei fire største byane ikkje bør lysast ut på nytt eller forlengjast når inneverande konsesjonsperiode går ut. Dette inneber at 23 konsesjonar ikkje blir lyste ut på nytt eller forlengde, medan dei resterande ca. 215 lokalradiokonsesjonane kan vidareførast. Vidare stiller departementet som føresetnad at det finst reelle moglegheiter til å sende på DAB i dei områda der det kommersielle lokalradionettet på FM ikke blir lyst ut på nytt eller forlengd.

Kapittel 3 inneheld rammevilkåra som skal gjelde for lokalradiosektoren i DAB-nettet. Her foreslår departementet å føre vidare gjeldande modell for tildeling av anleggskonsesjonar, frekvensløyve og innhaldskonsesjonar. Departementet vurderer også om det er naudsynt å innføre regulatoriske tiltak for å sikre mindre, ikkje-kommersielle lokalradioar tilgang til DAB-nettet, men konkluderer med at det vil vere nok å sikre høve

til å innføre slike reglar seinare dersom det skulle bli bruk for det. I kapittel 3 vurderer departementet også behovet for økonomisk støtte for å fremje digitaliseringa av lokalradiosektoren. Departementet er innstilt på å setje av om lag halvparten av midlane som blir tildelte etter støtteordninga for lokalkringkastingsformål.

Kapittel 4 inneheld rammevilkåra for lokalradio-konsesjonar som held fram på FM etter digitaliseringa. Departementet konkluderer med at konsesjonane til dei gjenverande konsesjonærane kan forlengjast med fem år etter digitaliseringa av det riksdekkjande radionettet, i staden for å lysast ut på nytt. Etter departementets vurdering tilseier omsynet til plattformnøytral regulering at dei resterande radiokonsesjonane i FM-nettet ikkje bør underleggjast strengare rammevilkår enn radiokanalar som sender i DAB-nettet. Dette tyder at det er behov for omfattande liberalisering av rammevilkåra i FM-nettet i neste konsesjonsperiode.

2 Kva for lokalradiokonsesjonar skal ikkje forlengjast eller lysast ut på nytt?

2.1 Høyringa

Etter ei kartlegging av lokalradiomarknaden og ei spørjeundersøking blant lokalradiokonsesjonærane, foreslo Medietilsynet at ingen kommersielle lokalradiokonsesjonar i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger blir forlengde eller lyste ut på nytt etter at det riksdekkjande radio-nettet er digitalisert. Medietilsynet meinte også at ytterlegare to konsesjonsområde, Nesodden og Askøy, som ligg i randsona av høvesvis Oslo og Bergen, burde omfattast av forslaget. Bakgrunnen for å ta med Nesodden og Askøy er at desse områda har god dekning mot desse byane. Forslaget omfattar såleis 19 kommersielle lokalradiokonsesjonar¹ i følgjande sju konsesjonsområde:

- 02-04. Nesodden
- 03-01. Oslo
- 03-02. Stor-Oslo: Oslo med Lørenskog, Sørums, Fet, Rælingen, Enebakk, Skedsmo, Nittedal, Aurskog-Høland og Gjerdrum i Akershus.
- 11-03. Stavanger, Sola og Randaberg
- 12-05. Bergen
- 12-08. Askøy

¹ Dagens konsesjonærar i Oslo: NRJ, Stor-Oslo: The Voice, P5, Radio Metro, Radio Rox, Nesodden: Klem FM, Bergen: Radio 1, P5, Radio Rock NRJ, Askøy: Radio 1, Stavanger: P5, Radio 1 og NRJ, Trondheim: Radio Rock, Radio Metro, P5, NRJ og Radio 1.

- 15-03. Trondheim, Melhus, Skaun, Klæbu og dessutan Leksvik i Nord-Trøndelag

Dei ikkje-kommersielle lokalradioane (nisjeradioane) i desse områda er ikkje omfatta av forslaget.

Departementet sende Medietilsynets forslag på allmenn høyring. Rapporten inneheld Medietilsynets forslag og ein rekke forslag og innspill frå Norsk lokalradioforbund, Kristent Radioforum, Foreningen Norsk Lokalradio, Digitalradio Norge, P4 og Radio Norge.

2.2 Høyringsinstansanes syn

Norsk lokalradioforbund hevdar at det berre er lokalradioar eigde av P4 og Radio Norge som tar del i den nasjonale reklamemarknaden, og at ingen medlemmer i Norsk lokalradioforbund gjer det. Ifølgje Norsk lokalradioforbund er det inga myndighetsoppgåve å verne P4 og Radio Norge mot konkurranse frå lokalradioaktørane, som ifølgje Norsk lokalradioforbund utgjer berre 1,2 prosent av radiolyttinga og 25 prosent av marknaden for radioreklame. Norsk lokalradioforbund meiner vidare at konkurransen frå nye nasjonale DAB-kanalar skjerper konkurransesituasjonen for lokalradiosektoren ytterlegare og forsterkar makt-konsentrasjonen til P4 og Radio Norge.

21st Venture argumenterer for at kanalane til selskapet i Stor-Oslo og Trondheim ikkje er delar av den nasjonale reklamemarknaden:

Da Stortingsmelding 8 ble utarbeidet i 2011 var det riktig at også 21st i en viss utstrekning konkurrerte om de samme reklameinntektene som MTG og SBS. Men etter desember 2013 er det ikke lenger slik. I begynnelsen av konsesjonsperioden hadde vi i 21st forventninger om at det ville være mulig å kombinere lokalt reklamesalg med inntekter fra nasjonale kampanjer. Selskapet ble derfor med i den nasjonale lyttermålingen for radio, bedre kjent som PPM-målingen, på 4 års kontrakt. (...) Omsetningen av nasjonal radioreklame har for våre radiokanaler hele tiden utgjort en svært marginal del av den samlede omsetning. I 2013, da vi deltok i PPM-målingen, omsatte 21st nasjonal radioreklame for ca. 4 millioner eller under 1 % av det nasjonale markedet.

Digitalradio Norge, P4, Radio Norge og Foreningen Norsk Lokalradio er einige i at dei kommersielle lokalradiokonsesjonane ikkje bør lysast ut på nytt eller forlengjast i dei områda Medietilsynet foreslår. Desse høyringsinstansane meiner vidare at

dei kommersielle lokalradiokonsesjonane i ytterlegare åtte konsesjonsområde ikkje bør lysast ut på nytt eller forlengjast. Digitalradio Norge mfl. grunngir dette med at konsesjonane i desse områda har dekning i dei fire største byane. Ifølgje Digitalradio Norge mfl. vil det derfor vere konkurransevridande om desse aktørane ikkje skal følgje same reglar for teknologiskiftet som dei andre. Digitalradio Norge meiner vidare at det heller ikkje er reelt behov for å halde oppe FM-sendingar i desse områda, då dei om kort tid vil vere dekte av eit lokalt DAB-nett der distribusjonskostnadene er på same nivå som på FM.

SBS Discovery Radio (SBS) viser til eigne undersøkingar om at 21st Ventures Radio Metro i 2013 hadde ei overvekt (68 prosent) reklame frå riksdekkjande annonsørar. SBS viser vidare til at Radio Metros sendar for Asker og Bærum står på Ekeberg i Oslo og når heile Oslo-området. Denne konsesjonen er, i motsetning til resten av radioane i Oslo, ikkje omfatta av Medietilsynets forslag. SBS foreslår dessutan at ytterlegare 16 konsesjonsområde skal omfattast, då dei dekkjer viktige byregionar med mange innbyggjarar (totalt 800 000 lyttarar), og at lokalradioane i desse områda derfor kan seiast å konkurrere på den nasjonale marknaden.

2.3 Departementets vurdering

2.3.1 Kommersielle lokalradiokonsesjonar

For lokalradiokanalane er utgangspunktet at alle konsesjonar går ut 31. desember 2016. Det formelle utgangspunktet er derfor at ingen lokalradio mister noko gode som følgje av digitaliseringa. Departementet meiner likevel at det i tråd med digitalradiomeldinga bør leggjast stor vekt på å vareta omsynet til at delar av lokalradiobransjen treng lengre tid til å gjennomføre eit vellykka teknologiskifte.

SBS og Modern Times Group (MTG) har forplikta seg til å betale leige i DAB-nettet i mange år framover og dermed tatt på seg store økonomiske byrder og vågnader. Dette har dei gjort i tillit til signal i digitalradiomeldinga om at alle større kommersielle lokalradioar skal følgje same reglar for teknologiskiftet. Dersom ein skulle opne for at alle dei kommersielle lokalradiokonsesjonane vart forlengde eller lyste ut på nytt i dei fire største byane vil det kunne undergrave eller forseinke teknologiskiftet, ettersom det framleis vil eksistere eit relativt omfattande tilbod på FM. Ein slik situasjon vil vidare svekkje grunnlaget for å forlengje konsesjonsperioden for dagens lokalradiokonsesjonærar.

Mot denne bakgrunnen meiner departementet at ein må balansere omsynet til at delar av lokalradiobransjen treng noko lengre tid til å gjere eit teknologiskifte med omsynet til at større kommersielle lokalradioar, skal følgje same reglar for teknologiskiftet som dei kommersielle riksradioane.

21st Venture argumenterer for at kanalane til selskapet i Stor-Oslo og Trondheim sidan desember 2013 ikkje lenger er delar av den nasjonale marknaden og derfor bør få høve til å halde fram på FM. Medietilsynet har i kartlegginga si vurdert ei rekkje moment med omsyn til dei kommersielle aktørane. Dette gjeld blant anna økonomiopplysningar, kunnskap om annonsørar og handelsområde, samarbeidsavtaler og eigarforhold, funn frå spørjeundersøkinga som tilsynet har gjennomført, kva for radioar som er med i dei nasjonale annonsesamkøyringane, lyttartal/marknadsdelar og dekningsforhold. Etter utlaupet av høringsfristen har departementet bede tilsynet gjere nærare greie for vurderingane sine av 21st Ventures radiokanalar. I denne utgreinga peikar tilsynet blant anna på følgjande:

- Det er i dei mest folkerike områda av landet at konkurransen om annonsekronene er størst. På bakgrunn av spørjeundersøkinga Medietilsynet har gjennomført, er dei fleste kommersielle lokalradioane med over ein million kroner i reklameinntekter etablerte i dei fire største byane. Konsesjonærar som opplyser at dei konkurrerer på den nasjonale reklamemarknaden, er hovudsakleg kommersielle lokalradiokanalar med nedslagsfelt i større byar. Spørjeundersøkinga gir ikkje grunnlag for å identifisere svar frå enkeltradioar.
- Radio Metro i Stor-Oslo og Radio Metro i Trondheim har oppgitt relativt høge reklameinntekter i årsmeldingane, som kvart år blir rapporterte til Medietilsynet.
- Med unntak av 21st Ventures radioar i Trondheim og Oslo er alle dei kommersielle kanalane i dei store byane med i ei nasjonal annonsesamkøyring. 21st Ventures radioar var med i ei slik samkøyring fram til november 2013.
- Sendenettet til 21st Venture i Stor-Oslo har den beste dekninga av alle lokalradioane i Oslo, og har dermed eit av dei kommersielt mest attraktive dekningsområda av alle lokalradioar i Noreg.

Departementet sluttar seg til at desse momenta indikerer at alle dei kommersielle lokalradiokanalane i dei fire største byane kan seiast å vere det som i digitalradiomeldinga blir omtala som

«større kommersielle lokalradioar» som «i nokon grad» opererer på same marknad som P4 og Radio Norge².

Departementet meiner at dette ikkje er avgjerande. Ettersom lokalradiokonsesjonar er fritt omsetjelige meiner departementet at det derfor ikkje berre bør gjerast tilbakeskodande vurdering ut frå historisk annonsesal, men at det også må takast omsyn til konsesjonens potensial etter at digitaliseringa er gjennomført. Dersom kanalane til NRK, MTG og SBS forsvinn frå FM-nettet, vil lokalradiosektoren vere åleine på denne plattformen, og vil som følgje av teknologiskiftet kunne kapre nye lyttarar blant dei som enno ikkje har fått installert DAB i bilane sine. Departementet meiner derfor at vurderinga først og fremst må skje på bakgrunn av konsesjonstype og teknisk dekningsområde og ikkje ut frå historisk annonsesal. Departementet meiner at det heller ikkje er forvaltingsrettsleg grunnlag for å forskjellsbehandle aktørar med like konsesjonstypar innanfor eitt og same konsesjonsområde på bakgrunn av korleis den einskilde konsesjonær har innretta drifta i føregåande konsesjonsperiode.

På denne bakgrunn held departementet fast ved konklusjonen om at alle kommersielle lokalradiokonsesjonar som nyttar sendenet med dekning av betydning i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger ikkje bør forlengjast eller lysast ut på nytt etter at det riksdekkjande radionettet er digitalisert.

Digitalradio Norge, SBS P4 og Foreningen Norsk Lokalradio peikar på at ei rekkje konsesjonærar har teknisk dekning i dei fire store byane som Medietilsynet foreslo i rapporten sin av 15. september 2014. Mot denne bakgrunnen har departementet bede Medietilsynet i samarbeid med Nkom om å lage ei oversikt over teknisk dekning til dei konsesjonærane som Digitalradio Norge hevdar dekkjer storbyane og derfor ikkje bør forlengjast eller lysast ut på nytt. Dekningskarta Medietilsynet har fått frå Nkom, viser at nokre konsesjonærar i områda rundt dei store byane har sendarar som dekkjer storbyane og dermed vil kunne gå inn i den nasjonale reklamemarknaden når FM-sendingane frå dei andre kommersielle radiokanalane er sløkte. Også slike konsesjonar vil kunne ta over lyttarar i dei fire største byane som enno ikkje har fått installert DAB-radio i bilane sine. Mot denne bakgrunnen meiner departementet at dei kommersielle lokalradiokonsesjonane i følgjande fire konsesjonsområde som når fleire enn om lag 100 000 personar i dei fire

største byane, ikkje blir forlengde eller lyste ut på nytt etter at det riksdekkjande FM-nettet er sløkt:

- 02-03. Asker og Bærum³ (dekkjer 510 000 i Oslo)
- 02-05. Ski og Oppegård⁴ (dekkjer 130 000 i Oslo)
- 06-05. Hurum og Røyken⁵ (dekkjer 260 000 i Oslo)
- 11-04. Sandnes og Forsand⁶ (dekkjer 109 000 i Stavanger)

På grunnlag av tilsvarande vurderingar som gitt ovanfor, meiner departementet at følgjande kommersielle lokalradiokonsesjonar kan lysast ut på nytt eller forlengjast. Grunnen er at konsesjonane har inga eller ubetydeleg dekning i dei fire storbyane:

- 02-06. Frogn, Ås og Vestby (dekkjer 0 i Oslo)
- 02-02. Lørenskog, Sørum, Fet, Rælingen, Enebakk, Skedsmo, Nittedal, Aurskog-Høland og Gjerdrum i Akershus (dekkjer 14 000 i Oslo)
- 06-04. Drammen, Lier og Nedre Eiker (dekkjer 0 i Oslo)
- 12-09. Sund, Fjell, Øygarden (dekkjer 72 000 i Bergen)
- 15-07. Malvik (dekkjer 65 000 i Trondheim)

I lys av prinsippa og resonnementet ovanfor er departementet heller ikkje einig med SBS i at teknologiskiftet bør gjelde ytterlegare 16 konsesjonsområde i ei rekkje mellomstore byar.

2.3.2 Føresetnad for at lokalradioane i dei fire storbyane skal ha reelt høve til å sende på DAB i løpet av 2017

I dag er Oslo dekt av eit lokalt DAB-nett gjennom Akershusnettet (region 3). Dersom også Lokalradioblokka for Oslo (region 2) blir bygd ut, vil det vere to nett for lokalradio i Oslo. Ifølgje Digitalradio Norge har lokalradioblokka i Bergen nylig starta sendingar. I Trondheim har 21st Venture anleggskonsesjon på Lokalradioblokka til 1. januar 2017. 21st Venture har så langt ikkje tatt initiativ til å byggje ut Lokalradioblokka. Digitalradio Norge har derfor sett i gang bygging av Riks II for å gi lokalradioar i byen moglegheit til å sende på DAB. I dag er delar av Stavanger i praksis dekte av konsesjonen for Haugaland. Anleggskonsesjonen for Stavanger er ledig. For å bidra til at lokal-

³ I dag The Beat

⁴ I dag Radio 1 Hits

⁵ I dag NRJ

⁶ I dag Radio Sandnes

² Jf. Meld. St. 8 (2010–2011) punkt 6.5.2.

Boks 2.1

- Dei kommersielle lokalradiokonsesjonane på FM som heilt eller delvis dekkjer Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger, vil ikkje bli forlengde eller lyste ut på nytt etter at det riksdekkjande radionettet er digitalisert i samsvar med riksaktørane regionvise plan. Dette gjeld følgjande 11 konsesjonsområde:
 - 02-03. Asker og Bærum
 - 02-04. Nesodden
 - 02-05. Ski og Oppegård
 - 03-01. Oslo
 - 03-02. Stor-Oslo: Oslo og Lørenskog, Sørumsund, Fet, Rælingen, Enebakk, Skedsmo, Nittedal, Aurskog-Høland og Gjerdrum i Akershus.
 - 06-05. Hurum og Røyken
 - 11-03. Stavanger, Sola og Randaberg
 - 11-04. Sandnes og Forsand
 - 12-05. Bergen
 - 12-08. Askøy
 - 15-03. Trondheim, Melhus, Skaun, Klæbu og dessutan Leksvik i Nord-Trøndelag
- Det blir stilt som føresetnad for å avvikle kvart einskilt konsesjonsområde for FM at det er etablert eit nett som gir lokalradioar i området høve til å sende på DAB.
- Nisjeradiokonsesjonærane i desse områda får høve til å halde fram å sende på FM. For å hindre omgåing ved misbruk av sendetida til nisjeradioane, blir det sett forbod mot sam- og vidaresending som berre omfattar dei konsesjonsområda hvor kommersielle lokalradiokonsesjonar ikkje skal forlengjast eller lysast ut på nytt.

radioane som ikkje får tilbod om forlenging eller høve til å by på konsesjonen sin igjen ved ny utlysing, bør føresetnaden for digitalisering av det einskilde konsesjonsområdet for analog lokalradio vere at det er etablert eit lokalt DAB-nett. Eit slikt krav vil også kunne bidra til å stimulere utbygginga av Lokalradioblokka i desse områda.

2.3.3 Ikkje-kommersielle lokalradiokonsesjonar

Medietilsynet foreslo i sin rapport at nisjekonsesjonærane i dei fire største byane ikkje burde avviklast, då dei ikkje kan seiast å vere i konkurranse med dei nasjonale kommersielle kanalane. Tilsynet har vidare vist til at slike konsesjonærar må dele sendetid med andre og er pålagde inntekts- og utbyteavgrensingar. For å hindre omgåing ved at kommersielle aktørar kjøper sendetid frå nisjekonsesjonærane, foreslår Medietilsynet at det blir sett totalforbod mot å sende innhald frå andre aktørar og å samsende innhald med andre aktørar i dei områda som blir sløkte.

Digitalradio Norge meiner det ikkje er reelt behov for å halde oppe nisjekonsesjonærane i dei fire største byane, då det om kort tid vil vere etablert eit lokalt DAB-nett, og dekinga møter eller overgår dekinga i FM-nettet til liknande prisar som på FM. Ifølgje Digitalradio Norge vil framhald av sendingar frå nisjekonsesjonærane gjere kommunikasjonen til lyttarane vanskeleg i samband med teknologiskiftet. Dei fleste andre konsesjonærane som uttalar seg om spørsmålet, meiner likevel at nisjekonsesjonærane bør få halde fram å sende på FM dersom dei ønskjer det.

Departementet meiner at nisjekonsesjonærane i dei store byane kan halde fram på FM dersom inntekts- og utbyteavgrensingane blir førde vidare og det blir sett totalforbod mot å vidare sende innhald frå andre aktørar eller samsende innhald med andre aktørar. Ettersom nisjekanalane vil vere dei einaste aktørane som held fram på FM i dei fire store byane, bør Medietilsynets tilsyn med desse radioane styrkjast i perioden etter teknologiskiftet.

3 Rammevilkår for lokalradiosektoren i DAB

3.1 Modell for tildeling av anleggskonsesjonar og frekvensløyve i Lokalradioblokka

Medietilsynet foreslo i rapporten sin at anleggskonsesjonane og frekvensløyva i Lokalradioblokka i DAB-nettet skulle tildelast ved pengeauksjon. Nkom støtta tilsynets vurderingar. Dette er same modell som er nytta i prøveperioden fram til 2017, og som er nytta i det resterande DAB-nettet. Departementet sluttar seg til Medietilsynets og Nkoms vurderingar.

Boks 3.1

- Dagens ordning der anleggskonsesjonar og frekvensløyve blir tildelte etter pengeauksjon blir ført vidare. Direktetildeling skjer i regionar der det er berre ein interessent. Konsesjonane blir lyste ut snarast og skal vare til 31. desember 2031.

Boks 3.2

- I konsesjonsvilkåra til anleggskonsesjonane blir det spesifisert kor viktig det er at ikkje-kommersielle lokalradioar blir sikra plass i Lokalradioblokka, og at det kan innførast nærare reglar dersom det skulle bli problem med tilgang til DAB-nettet for mindre ikkje-kommersielle lokalradioar.

Fleire høyringsinstansar peikar på kor viktig det er at konsesjonane i Lokalradioblokka gjeld like lenge som i Riksblokka. Det vil seie til 31. desember 2031. Departementet sluttar seg til dette.

Ifølgje Digitalradio Norge bør konsesjonane lysast ut snarast. Departementet ser behovet for at konsesjonane blir utlyste så snart som mogleg og vil leggje til rette for dette.

Nokre høyringsinstansar foreslår at det blir fastsett reglar om at verken Digitalradio Norge eller riksradiokontor kan ha anleggskonsesjon eller innhaldskonsesjon i Lokalradioblokka, og at Riksblokka ikkje kan nyttast til lokalradio. Departementet viser til at blant andre Digitalradio Norge har vore ein pådrivar for å byggje ut Lokalradioblokka i mange delar av landet. Dersom Digitalradio Norge eller andre riksaktørar skulle diskvalifiserast frå deltaking i utbygginga av DAB-nettet, er det derfor reell fare for framdrifta i utbygginga. Vidare kan slike omsyn eventuelt regulerast i samband med utlysing av anleggskonsesjonane i Lokalradioblokka, jf. kapittel 3.3. Departementet meiner det derfor ikkje bør innførast slike reglar.

3.2 Modell for å sikre mindre ikkje-kommersielle lokalradioar reell tilgang til DAB-nettet

I digitalradiomeldinga heiter det at Kulturdepartementet i samarbeid med frekvensstyresmaktene i 2015 skal utarbeide eit konkret opplegg for lokalradioar som ønskjer å sende i Lokalradioblokka i DAB-nettet. I punkt 6.5.3 i meldinga står det at det kan vere naudsynt å etablere mekanismar for å sikre små lokalradioar tilgang til DAB-nettet. Meldinga nemner ulike mekanismar som kan vere aktuelle. På bakgrunn av departementets oppdragsbrev og digitalradiomeldinga foreslo Medietilsynet i rapporten av 15. september 2014 tre alternativ for å sikre mindre ikkje-kommersielle lokalradioar reell tilgang til DAB-nettet:

- Ingen særskilde ordningar
- Det blir reservert ein del gratis kapasitet i kvar region
- Det blir reservert kapasitet mot betaling av fastpris

I høyringa støttar Norsk lokalradioforbund, Kristent Radioforum og fem lokalradioar alternativ b, medan Medietilsynet og Radio Latin-Amerika støttar alternativ c. Elles tar få høyringsinstansar stilling til Medietilsynets forslag.

Departementet viser til at ordningar som skal sikre ikkje-kommersielle lokalradioar bestemte rettigheter, inneber at det også innanfor digitalradioregimet må førast tilsyn med i kva grad kanalen faktisk er ikkje-kommersiell. Dette talar mot å innføre regulering i samsvar med alternativ b og c.

Etter departementets vurdering vil utfordringane for lokalradiobransjen først og fremst vere å finansiere utbygging av Lokalradioblokka. Når eit lokalt DAB-nett først er bygt ut, vil det vere kapasitet til om lag 15 til 20 lokalradioar i kvart område. I mindre tettbygde område vil det derfor truleg snarare bli overkapasitet. Mot denne bakgrunnen meiner departementet at det ikkje bør setjast i verk særskilde ordningar, men at det i staden blir spesifisert i anleggskonsesjonane i Lokalradioblokka kor viktig det er at ikkje-kommersielle lokalradioar blir sikra tilgang, og at det eventuelt kan innførast nærare regulering dersom det skulle oppstå tilgangsproblem.

3.3 Modell for tilgang til Lokalradioblokka for andre aktørar

I digitalradiomeldinga punkt 6.4.5.2 foreslo departementet eit forenkla system for tildeling av innhaldskonsesjonar på Riksblokka i DAB-nettet som i praksis inneber ei registreringsordning:

Departementet foreslår på dette grunnlaget eit system der den som disponerer kapasiteten i

nettet (normalt innehavaren av anleggskonsesjon og frekvensløyve), først sluttar avtale med kringkastarar. Alle som har slik avtale, vil automatisk få kringkastingskonsesjon frå Medietilsynet etter søknad. Konsesjonsregimet vil såleis i praksis fungere som ei registreringsordning.

Sidan våren 2011 har Medietilsynet praktisert dette systemet for tildeling av innhaldskonsesjonar i Riksblokka. Systemet har i prøveperioden også vore lagt til grunn ved tildeling av innhaldskonsesjonar i Lokalradioblokka.

I rapporten av 15. september 2015 viser Medietilsynet til gode erfaringar med systemet, og at radiobransjen har gitt tilbakemeldingar om at saksbehandlinga har vore effektiv. Medietilsynet foreslår derfor å føre vidare denne ordninga for tildeling av innhaldskonsesjon. I høyringa gir Nkom, Digitalradio Norge og MBL støtte til tilsynets forslag. Elles har få høyringsinstansar uttala seg om dette spørsmålet.

Departementet sluttar seg til Medietilsynets forslag om å føre vidare dagens ordning der kringkastarar med leigeavtale i DAB-nettet etter søknad får innhaldskonsesjon av Medietilsynet. Ei slik ordning inneber ei monaleg forenkling samanlikna med dagens konsesjonsregime for analog lokalradio. Dagens ordning for tildeling av innhaldskonsesjon til alle som har leigeavtale i DAB-nettet blir ført vidare. I praksis inneber dette ei registreringsordning.

MBL og Digitalradio Norge meiner at det bør stillast krav om at anleggskonsesjonærane pliktar å tilby sendeplass dersom det er kapasitet, og at det blir stilt krav om bruk av opne, objektive og ikkje-diskriminerande kriterium for tilgang til nettet. Departementet sluttar seg til dette.

Norsk lokalradioforbund peikar på at anleggskonsesjonæren i praksis vil kunne fungere som portvakt, og at det derfor kan vere uheldig med vertikalt integrerte anleggskonsesjonærar/innhaldskonsesjonærar. Departementet viser i denne

Boks 3.3

- Det blir stilt krav om at anleggskonsesjonærane i Lokalradioblokka skal nytte opne, objektive og ikkje-diskriminerande kriterium for tilgang til DAB-nettet, og at konsesjonæren pliktar å tilby avtale så lenge det finst kapasitet.
- Medietilsynet og Nkom vurderer behovet for og fastset eventuelt nærare generelle kriterium for tilgang til Lokalradioblokka.

samanhengen til at kvart område i Lokalradioblokka vil ha plass til anslagsvis 15 til 20 kanalar, og at anleggskonsesjonæren gjennomgåande vil vere avhengig av flest mogleg leigetakarar for å finansiere utbyggingskostnadene. Vidare vil det vere svært kostbart å fylle så mange lokalradioar med innhald. Ut frå eit føre var-prinsipp meiner departementet like fullt at Medietilsynet og Nkom før utlysinga bør vurdere behovet for og eventuelt fastsette ytterlegare generelle kriterium i alle regionar for tilgang til Lokalradioblokka for aktørar som ikkje er tilknytte anleggskonsesjonæren.

3.4 Økonomisk støtte for å fremje digitalisering av lokalradiosektoren

3.4.1 Bakgrunn

Høyringsbrevet frå departementet inneheldt ingen forslag eller signal om økonomiske støtteordningar for å leggje til rette for digitalisering av lokalradiosektoren. Likevel peikar svært mange høyringsinstansar på behovet for økonomisk støtte til å fremje digitaliseringa av lokalradiosektoren.

Departementet viser til at det i dag eksisterer ei støtteordning for lokalkringkasting fastsett i forskrift 7. september 2001 nr. 1108 om tilskot til

Kategori	Totalt	Lokalfjernsyn	Lokalradio
Programproduksjonar	6 480 204	4 632 631	1 847 573
Kompetansehevande tiltak	1 661 641	360 143	1 301 498
Utviklingsprosjekt	362 606	201 862	160 744
Minoritetsradio	594 490	-	594 490
Driftsstøtte til organisasjonar	4 400 000	2 200 000	2 200 000
Totalt	13 498 941	7 394 636	6 104 305

lokalkringkastingsformål. Etter denne ordninga vart det i 2014 tildelt totalt ca. 13,5 millionar kroner til følgjande kategoriar:

Ifølgje Medietilsynet fekk 51 lokalradiokonsesjonærar i snitt nesten 76 500 kroner frå ordninga i 2014, medan 14 lokale fjernsynsstasjonar i 2014 fekk i snitt 370 000 kroner gjennom ordninga.

3.4.2 Omfang av behov for støtte til digitalisering

På bakgrunn av eit estimat frå Medietilsynet vil full overgang til DAB i alle 37 regionar koste anslagsvis 110 millionar kroner i investeringar eller 125 millionar dersom linjeleige for eitt års drift er inkludert. Foreningen Norsk Lokalradio meiner at det berre vil vere behov for økonomisk støtte til utbygging av DAB i dei konsesjonsområda som har minst befolkningsgrunnlag, dvs. 30 av dei 37 konsesjonsområda, og at utbygging av dei mest folkerike områda kan finansierast av marknaden. Foreningen Norsk Lokalradio har sett behovet for støtte til 30 millionar.

3.4.3 Prioritering av støtte til digitalisering av lokalradio

Ifølgje Medietilsynet kan det alt i dag tildelast støtte til digitalisering av lokalradio etter gjeldande forskrift. Departementet meiner at omstillinga lokalradiosektoren står overfor i dei næraste åra, tilseier at støtte til digitalisering av lokalradio bør prioriterast. Departementet ønskjer derfor å setje av om lag halvparten av den årlege potten, som i 2014 var på 13,5 millionar, til slike formål fram til digitaliseringa av lokalradiosektoren har nådd eit tilfredsstillande nivå.

Etter forskrifta blir støtta gitt til kringkastarar. Det er derfor ikkje rom for å gi støtte direkte til anleggskonsesjonær. Støtta til kringkastarane vil likevel kunne fremje utbygging ved at fleire lokalradiostasjonar blir i stand til å forplikte seg til å leige kapasitet i DAB-nettet. Departementet meiner at utfordringane med å få bygt eit DAB-nett vil vere mindre i dei meir folkerike områda av landet, då det her gjennomgåande vil vere fleire aktørar som kan dele utbyggingskostnadene, eller som kan stille garanti til ein nettutbyggjar. Mot denne bakgrunnen meiner departementet at støtta bør gå til dei delar av landet som ikkje har marknadsgrunnlag for kommersiell utbygging av DAB-nettet. Dessutan trur departementet at fagutvalet for tilskot til lokalkringkasting vil kunne halde fram å prioritere mellom dei ulike søknadene.

Prioriteringa av midlar til digitalisering av lokalradio inneber at dei andre kategoripostane vil

Boks 3.4

- Departementet er innstilt på å øyremerkje om lag halvparten av midlane som blir tildelte etter støtteordninga for lokalkringkastingsformål, og vil i løpet av kort tid sende på allmenn høyring eit forslag om omprioritering av støtteordninga.

måtte finne seg i reduksjon i denne perioden. Departementet vil om kort tid sende på allmenn høyring eit forlag til fordeling mellom dei ulike postane, og vil i det høvet vurdere behovet for notifikering til Eftas overvaksingsorgan (ESA).

Nokre høyringsinstansar har peikt på at eventuell støtte bør vere teknologinøytral og ikkje berre gå til utbygging av DAB-nettet. Departementet sluttar seg til dette. Det bør derfor opnast for å gi støtte til lokalradioar som ønskjer å etablere seg som nettradio eller ønskjer å nytte andre digitale teknologiar.

4 Rammevilkår for lokalradioar som held fram på FM

4.1 Ny utlysing eller forlenging

Etter kringkastingsforskrifta varar lokalradiokonsesjonane i sju år og gjeld til og med 31. desember 2016. Departementet bad i høyringa om høyringsinstansanes syn på om det skal lysast ut på nytt eller om konsesjonane skal forlengjast for dei lokalradiokonsesjonane som får halde fram på FM.

Nesten alle høyringsinstansane meiner at konsesjonane bør forlengjast med unntak av Digitalradio Norge, P4, SBS og tre lokalradioar. Medietilsynet argumenterer sterkt for å forlengje konsesjonane:

Medietilsynet er enig med departementet i at det bør være forutsigbare rammevilkår for konsesjonene som fortsetter på FM, og mener at dette best ivaretas ved å legge til rette for størst mulig grad av kontinuitet for eksisterende lokalradioer. Det er myndighetenes oppgave å legge til rette for en aktørstyrt digitalisering av radiomediet, også for lokalradio. Det er antatt at en slik overgang vil være økonomisk krevende for en rekke mindre ressurssterke lokal-

radioer. Det er i dette perspektivet at det i digitalradiomeldingen er åpnet for at de fleste og minste lokalradioene vil kunne fortsette å sende på FM. Slik Medietilsynet ser det, gis en mulighet til disse radioene for at de skal få noe mer tid til å se an den teknologiske utviklingen og tilpasse seg til et teknologiskifte. I denne perioden mener Medietilsynet det er viktig at lokalradioene har størst mulig grad av stabilitet og forutsigbarhet. Ved utlysning løper man en risiko for å skape en vanskeligere situasjon for ressursvake lokalradioer som myndighetene i utgangspunktet har ønsket å tilrettelegge for. Gjennom et opplegg basert på tildeling av FM-konsesjoner ved pengeauksjon, vil flere av lokalradioene måtte betale ytterligere for å få fortsette som før på FM. Dermed vil det økonomiske grunnlaget for digitalisering kunne forverres ytterligere for disse radioene.

Det same gjer frekvensmyndigheita Nkom:

Ved vurderingen av om konsesjonene/tillatelsene bør tildeles for en ny konsesjonsperiode på sju år eller forlenges for en kortere periode, mener Nkom at myndighetene må se hen til hva som er formålet med tildelingen. Forutsatt at myndighetene legger opp til å fase ut bruken av FM-båndet til bakkebasert analog lydkringkasting, herunder analog lokalradio, ser Nkom gode argumenter for at det vil være praktisk at dagens innehavere av konsesjoner/tillatelser får beholde disse for en kortere periode etter 31. desember 2016. Innehaverne av dagens konsesjoner har allerede foretatt nødvendige investeringer for å benytte frekvensene til kringkasting og vi antar at det vil være lite gunstig for eventuelle nye aktører å etablere seg når det bare vil være mulighet til å bruke frekvensene i en kort periode. Dersom konsesjonene/tillatelsene forlenges med bare noen få år, vil dette også være et incitament for aktører som opererer i FM-båndet til å ta i bruk en digital plattform. En eventuell ny utlysning vil, i motsetning til en forlengelse, også medføre mye ressursbruk for lokalradioaktørene og forvaltningen. Vi anser det som lite gunstig å bruke mye ressurser på noe som bare er ment å vare i kort tid.

Nkom viser vidare til lov 4. juli 2007 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon:

Ekomloven gjør et unntak fra prosedyren i § 6-4 for tildeling av frekvensbånd som er satt av til

kringkasting i nasjonal frekvensplan. I slike tilfeller kan frekvensmyndigheten direktetildede tillatelser til virksomheter som har senderanleggskonsesjon etter kringkastingsloven § 2-2. Nkom viser til at ekomloven § 6-4a ble brukt i forbindelse med at P4 Radio Hele Norge³ og SBS Radio Norge⁴ fikk direktetildelt frekvenstillatelser i FM-båndet som gjelder fra deres tidligere konsesjoner/tillatelser utløp 31. desember 2013. Disse tillatelsene er gitt med varighet til og med 31. desember 2016, og kan forlenges til 31. desember 2018 avhengig av når de riksdekkende FM-nettene slukkes.

Departementet sluttar seg til Medietilsynets og Nkoms vurderingar og foreslår at konsesjonane blir forlengde av følgjande grunnar:

- Under føresetnad av at dei kommersielle lokalradioane i dei fire største byane og omkringliggende område blir digitaliserte, trur departementet at den kommersielle interessa for å sende på FM-nettet vil reduserast vesentleg etter at det resterande radionettet er digitalisert.
- Det vil vere lite tenleg om lokalradioaktørane skal bruke ressursar på ei ny konsesjonsrunde for analog kringkasting samtidig med at bransjen elles blir digitalisert. Lokalradiobransjen bør heller bruke desse ressursane på digitalisering.
- Ei ny utlysning inneber i praksis at konsesjonæranane kan måtte velje mellom å bruke ressursar på ei ny søknadsrunde for analog kringkasting eller å bli digitaliserte. Digitalradiomeldinga la opp til at dei minste og fleste aktørane i lokalradiobransjen får noko lengre tid til teknologiskiftet enn riksaktørane. Ei ny utlysning vil ikkje gi bransjen høve til slikt.

I høyringa antyda departementet ei relativt kortvarig forlenging på tre år etter teknologiskiftet. Etter Nkoms vurdering bør konsesjonane i samband med utfasing av analog lydkringkasting i FM-båndet forlengjast med fem år:

Nkom anslår at KUDs forslag med en ny periode på 3 år etter slukkingen av de riksdekkende FM-nettene kan være noe knapp tid, ut fra de erfaringene som er gjort med utbygging av DAB-nett i Lokalradioblokka til nå. Nkom tror fem år etter slukking av de riksdekkende FM-nettene vil være en mer hensiktsmessig varighet på en utfasingsperiode for lokalradio på FM.

Boks 4.1

- Lokalradiokonsesjonane som held fram på FM etter digitaliseringa av det riksdekkjande radionettet, blir forlengde med fem år etter 2017 dvs. til 31. desember 2021.

Også Medietilsynet foreslår ei forlenging på fem år. Dessutan argumenterer ein klår majoritet av høyringsinstansane for at konsesjonane bør forlengjast for ein periode på fem til sju år, eller lengre enn sju år.

Etter ei ny vurdering basert på innspela frå høyringsinstansane vil departementet be Medietilsynet om å forlengje lokalradiokonsesjonane med fem år. Det inneber at konsesjonane blir forlengde til 31. desember 2021. Ein legg til grunn at forlenginga skjer med uendra dekningsområde.

Departementet viser til at EØS-retten ikkje inneheld konkrete føringar for tildelingsprosedurar på allmennkringkastingsfeltet, men legg til grunn at forlenginga må vere i samsvar med generelle EØS-rettslege krav om openheit, objektivitet og ikkje-diskriminering. Ettersom det finst gode argument for forlenging og at forlenginga ikkje er lengre enn nødvendig, meiner departementet at ei forlenging vil vere innanfor det EØS-rettslege handlingsrommet.

4.2 Liberalisering av rammevilkåra på FM**4.2.1 Generelt**

Grunnlaget for å kunne stille konsesjonsvilkår og særskilde innhaldskrav for lokalradiosektoren har vore skort på frekvensar. I digitale kringkastingsnett blir frekvensressursane utnytta langt meir effektivt enn i analoge nett. Dette svekkjer grunnlaget for å påleggje kringkastarane konsesjonsplikter i form av programkrav⁷. Det blir derfor ikkje stilt innhaldskrav til radioar som blir distribuerte i DAB-nettet. Departementet meiner at omsynet til ei plattformnøytral regulering tilseier at radiokanalar som held fram på FM, som hovudprinsipp ikkje bør underleggjast strengare rammevilkår enn radiokanalar som sender i DAB-nettet.

⁷ Jf. St.meld. nr. 30 (2006–2007) punkt 4.5.3

4.2.2 Sletting av konsesjonsspesifikke krav

Dei kommersielle konsesjonane vart tildelte etter ein skjønnheitskonkurranse der konsesjonærene konkurrerte etter tre førehandsdefinerte kriterium:

- Lokalt innhald talt i minutt utover minstekravet om å sende minst 30 minutt nyheits- og aktualitetsstoff med tilknytning til konsesjonsområdet, jf. kringkastingsforskrifta § 7-7
- Forpliktande løfte om lokalt nærvær
- Eigarmessig mangfald

I høyringa viste departementet til at mange lokalradiokonsesjonærar vil ha utgifter til dobbeltdistribusjon i overgangsperioden, og at omsynet til plattformnøytral regulering kan tilseie at innhaldskrava i FM-nettet bør avviklast, ettersom det ikkje vil bli stilt slike krav i DAB-nettet. Det vart vidare vist til at sletting legg til rette for at aktørane i lokalradiosektoren i staden brukar ressursane på digitalisering.

Dei fleste høyringsinstansane som uttalar seg om dette, støttar at boda på lokalt innhald blir sletta. Berre to konsesjonærar, P7 Kristen Riksradio og Radio Kvinesdal, er imot å slette boda på lokalt innhald. Sjølv om omsynet til aktørar som ikkje nådde opp ved førre konsesjonsutlysing, kan tale for å oppretthalde desse krava, meiner departementet at konsesjonskrav stilte i samsvar med dei tre kriteria som låg til grunn for skjønnheitskonkurransen, bør slettast av følgjande grunnar:

- Radio Norge og P4 fekk monaleg lette i innhaldskrava blant anna fordi det ikkje lenger vil vere grunnlag eller behov for å stille slike krav i DAB-nettet. Omsynet til ei plattformnøytral regulering tilseier at det også bør lettast på innhaldskrava for lokalradioane som held fram på FM.
- Ei sletting vil kunne redusere utgiftene og syte for at lokalradiosektoren brukar ressursar på digitaliseringa.
- Svært få høyringsinstansar har motsett seg slik sletting.

4.2.3 Oppheving av kravet i kringkastingsforskrifta om lokale nyheiter

Kringkastingsforskrifta § 7-7 slår fast at kommersielle lokalradiokonsesjonærar skal på hverdager i tiden mellom 06.00-19.00 sende minst 30 minuttar nyheits- og aktualitetsstoff med tilknytning til konsesjonsområdet. Innholdet skal være fordelt på minst tre atskilte programflatar. Konsesjonærene

plikter å føre logg over hvilke programflater som oppfyller dette kravet.

I høyringa foreslo departementet å oppheve denne plikta med tilsvarende grunngeving som vart brukt for å slette dei konsesjonsspesifikke krava. Medietilsynet argumenterte i si høyringsfråsegn for at minstekravet i kringkastingsforskrifta til lokalt innhald bør haldast oppe for å legitimere vidareføringa av dei rettar som no gjeld for kommersiell radio gjennom blant anna minsterett til sendetid. Departementet viser til argumenta i punkt 4.2.2 og at omsynet til plattformnøytral regulering tilseier at kravet i forskrifta om lokalt innhald bør opphevast.

4.2.4 *Oppheving av dei økonomiske avgrensingane for nisjeradio*

Kringkastingsforskrifta § 7-2 femte ledd slår fast at nisjeradioar maksimalt kan ha 135 000 kroner i reklame- og sponseinntekter per driftsår, eller maksimalt 40 prosent av samla inntekt i verksemda kvart driftsår. Nisjeradioar har vidare forbod mot utbetaling av utbyte til eigarane.

Formålet med avgrensingane er å skilje mellom kommersiell og ikkje-kommersiell lokalradioverksemd. Departementet har ikkje justert desse avgrensingane i inneverande konsesjonsperiode fordi nisjekonsesjonane vart tildelte utan konkurranse og utan at det vart stilt innhaldskrav. Dei kommersielle konsesjonane vart på si side tildelte etter ein skjønneheitskonkurranse der konsesjonærane har tatt på seg ei rekkje plikter. Desse pliktene er baserte på eit konkurransebilete der nisjeradioane ikkje vil vere nemnande konkurrentar i reklame- og sponsemarknaden. Ved ei konsesjonsforlenging der dei individuelle og forskriftsfastsette krava til dei kommersielle lokalradiokonsesjonærane er oppheva, meiner departementet at også regelverket for ikkje-kommersiell lokalradio bør vurderast på nytt. I høyringa bad departementet om høyringsinstansanes syn på behovet for slike avgrensingar og om nivået for avgrensingane.

Foreningen Norsk Lokalradio, Digitalradio Norge, P4 og SBS meiner at dagens reglar bør haldast ved lag. Medietilsynet foreslår at inntektsavgrensinga burde hevast, medan blant andre Radio Latin-Amerika, Radio Lyngdal og Familie og Medier foreslår at desse krava blir fjerna.

Ettersom nisjekonsesjonærane må finne seg i å dele sendetid med andre konsesjonærar, trur departementet at det normalt vil vere lita kommersiell interesse for slike konsesjonar utanfor dei fire storbyane. Dette føreset at det ikkje blir opna for å endre sendetidsfordelinga slik at ein

aktør kan sikre seg all sendetid. Ifølgje Medietilsynet er det relativt få nisjeradioar som har så høge reklameinntekter at grensa har praktisk tyding. På den andre sida har ikkje grensene vore justerte etter førre konsesjonsperioden (2008).

Mot denne bakgrunnen meiner departementet at det bør leggjast avgjerande vekt på at det særleg er mindre ikkje-kommersielle nisjeradioar som vil ha behov for å betre økonomien for å kunne gjennomføre eit teknologiskifte. Det kan vidare vere urimeleg å opne for stor lette for dei kommersielle aktørane samtidig som regelverket for nisjeradioar blir halde ved lag. Departementet foreslår derfor å oppheve desse krava for dei fleste nisjeradiokonsesjonærane.

I storbyane og omkringingjande område hvor konsesjonane ikkje forlengjast eller lysast ut på nytt vil situasjonen likevel vere ein annan enn for andre delar av landet. Her vil nisjekonsesjonærane bli åleine om å sende på FM-nettet i område som er kommersielt svært attraktive. Det er derfor viktig å sikre at det drivast ikkje-kommersiellt. Ettersom det blir stilt krav om at det er etablert DAB-nett i dei områda som hvor konsesjonane ikkje forlengjast vil det, slik Digitalradio Norge peikar på i høyringsfråsegna si, vere mogleg for ikkje-kommersielle aktørar å sende på DAB for tilsvarende prisar som på FM. Mot denne bakgrunnen meiner departementet at nisjekonsesjonane i områda som blir digitalisert i samsvar med punkt 2, framleis bør vere underlagde inntekts- og utbyteavgrensingar for å syte for at nisjeradioane berre blir brukte til ikkje-kommersiell lokalradioverksemd.

Boks 4.2

Departementet legg opp til ei liberalisering og forenkling av rammevilkåra for aktørane som held fram på FM:

- Konsesjonsspesifikke krav for kommersielle lokalradiokonsesjonærar i samsvar med dei tre førehandsdefinerte kriteria for skjønneheitskonkurransen blir sletta ved forlenginga av konsesjonsperioden
- Kravet i kringkastingsforskrifta om at kommersielle lokalradiokonsesjonærar skal sende lokale nyheiter blir oppheva
- Dei økonomiske avgrensingane for nisjeradioar i kringkastingsforskrifta blir oppheva i alle konsesjonsområde med unntak for konsesjonsområda hvor dei kommersielle lokalradiokonsesjonane ikkje forlengjast.

5 Beredskapsomsyn

DAB-nettet har store beredskapsmessige fordelar samanlikna med FM-nettet. For det første er risikoen for utfall av sendarar i ekstreme situasjonar sterkt redusert samanlikna med FM-nettet. Årsaka til dette er at signala i DAB-nettet matast direkte til kvar einskild sendar. Utfall av ein einskild sendar vil difor ikkje forplante seg nedover i kjeda av mindre sendarar slik som i FM-nettet. For det andre opnar DAB-teknologien for radiomottak i tunnel for alle kanalar og ikkje berre for NRK P1, slik situasjonen er i dagens FM-nett. DAB-teknologien gjer det vidare mogleg å bryte inn i sendingane i alle kanalar med same budskap samstundes når omsyn til beredskap gjer det naudsynt.

Kulturdepartementet viser til at Justis- og beredskapsdepartementet har inngått ein avtale av 22. juni 2012 med NRK, Norkring og Norsk Lokalradioforbund om å formidle meldingar frå styresmaktane ved lokale og regionale kriser og katastrofar. Avtalen er teknologinøytralt uforma og vil derfor også omfatte sendingar på digitalradio.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

For dagens konsesjonærar i områda der konsesjonar til kommersiell radio ikkje blir forlengd, inneber innhaldet i meldinga at kanalane får kostnader til digital distribusjon dersom dei ønskjer å halde

fram etter at konsesjonsperioden er omme. I dei fire største byane vil distribusjonskostnadene i DAB-nettet vere på tilsvarende nivå som i FM-nettet.

Dagens konsesjonærar i dei andre delane av landet får forlengt konsesjonane utan krav om motytingar samtidig som innhaldskrava blir fjerna. Dette vil isolert sett føre til reduserte kostnader for denne delen av bransjen. På den andre sida vil verdien av FM-konsesjonane på sikt kunne reduserast fordi distribusjonsplattforma vil få færre lyttarar etter at det riksdekkjande radionettet er digitalisert. Dette vil på sikt kunne føre til behov for digitalisering med kostnader til nettdistribusjon eller utbygging av Lokalradioblokka i DAB-nettet.

For styresmaktene vil konsekvensen vere at det vil bli mindre behov for å føre tilsyn med konsesjonærane på FM, med unntak for ekstra tilsyn med nisjeradioane i samband med teknologiskiftet. For konsesjonærane i Lokalradioblokka i DAB-nettet vil omfanget av tilsynsoppgåver reduserast monaleg samanlikna med dagens regime på FM.

Kulturdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Kulturdepartementet 17. april 2015 om rammevilkår for lokalradio i samband med digitaliseringa av radiomediet blir send til Stortinget.
